



Veslemøy imponerte nok ein gang!(Arkivfoto)

Uskedalsungdommar gjorde i dag ein svært god innsats i Åkraløpet. Veslemøy Haugland kom på andreplass, berre 7 sek bak vinnaren i dameklassen, medan Johannes Haugland kom inn til ein flott 3. plass i herreklassen.

Det deltok tilsaman 40 deltakarar i konkurranseklassen, 12 i dameklassen og 28 i herreklassen. Sindre Omvik frå Omvikdalen var suveren vinnar i herreklassen. Der sneik også Kenneth Blom frå Trio seg sekundet føre Johannes Haugland som altså kom på ein fin 3. plass.

I dameklassen vann Ruth Solveig Årthun Bergane frå Matre il., men det 14 år gamle løpartalentet Veslemøy Haugland var altså berre 7 sek. bak vinnaren. Kjemp flott innsats av dei to ungdommane!

I tillegg deltok også veteranen Kurt Haugland og unge Torbjørn Haugland frå Uskedalen i konkurranseklassen.

Komplett resultatliste finn de her: <http://matre-il.no/no/nyhende/216/>



foto og nett: Thor Inge Døssland.

Nytt sterkt løp av Johannes Haugland. (Arkivfoto) Tekst,